



ATLØYS VENNER

ÅRSMELDING 2016

Maskindagboka fortel at hovudmaskina har gått om lag 800 timar i 2016. 10 årsklasse vart gjennomført før sesongstart, og det vart investert om lag 320.000 til nytt tryggleiksutstyr. I tillegg var det arbeid med aksling og pakkboкс. Etter ny måling av skroget vart det klart at det likevel ikkje var behov for større plateskift, slik planlagt var. I forhold til tidlegare år har vi hatt store problem med maskina. På våren vart turbo sendt Rubbestadneset for vedlikehald og overhaling, noko som resulterte i 2 turbohavari med påfølgande driftsstans i dei viktige vekene i starten av juni. Vi hadde dessutan vanskar med å stille mannskap, og dette vart løyst ved at Veteranskipslaget Fjordabåten (som eig Granvin og Stord) stilte opp.

Vinteren 16/17 arbeider Tor Tveit med driving og beking av styrehustak og dekk. Han har dessutan skifta ein del plank heilt bak mot casing, lukekarm, rundt mast og under vinsjemotor. Vinsjemotor vart sandblåst og malt, det vart skifta fundament. Sveisa rust i baksen på styrbord side. Overhalt blåsar på hovudmotor. Utbetra smøreoljelekkasje i fremste tetningsring i pakkboкс, då den ikkje var tett etter overhaling på våren. Ny ventilasjons-kanal/luftinntak til maskinrom på SB side. Rist over styremaskin pussa og olja. Skfta stål i malingssskap, toppen av casing sandblåst.

Styret har ikkje hatt møter i 2016. Det er sendt ut ein medlemsinfo pr. post saman med kontingenten. Heimeside vert oppdatert for lite, facebookside oftare. Julebord vart i år på M/S Lofoten saman med Bergens-gjengen. Suksess.

TURAR

M/S Atløys gjekk ut av dokk rett over påske, og gjekk til Bergen 24. mai og har hatt drift 57 døgn i ein vanskelig sesong. Største inntekter er henta i Bergen frå 12/8 – 4/9. Det var ingen Hardangertur, heller ikkje ONS eller Fjordaferd. Totale leigeinntekter hamna på 325.000, som er tidenes dårlegaste sesong.

ØKONOMI

Trass små inntekter i 2016 er økonomien i laget god. Veteranbåtlaget gjekk med ein million i minus. Totalt hadde Atløys Venner driftsinntekter på 208.682, ned nesten 600.000 frå 2015,- . Inntektene skriv seg frå sal om bord, sponsorinntekter, renteinntekter og kontingentar. Etter fråtrekk for utgifter set vi att med 36.086,- netto, om lag 150.000,- ned frå 2015. Ved årsskiftet hadde Atløys Venner 1.165.091,- på konto, og vi har 800.000,- utestående hos Veteranbåtlaget., dvs at behaldninga er om lag som ved utgangen av 2015.

Alle inntekter og utgifter til drift av båten, vedlikehald og restaurering går over Veteranbåtlaget Atløys sin rekneskap.

Riksantikvaren løyvde 950.000,- til restaurering av skroget gjennom Veteranbåtlaget Atløys, 630.000 av dette vart overført til 2017 etter søknad.



ATLØYS VENNER

DUGNAD

M/S Atløy låg også denne vinteren inne i dokka til Westcon.

Pr. 31.12. fordeler dugnaden seg slik;

Mannskapsdugnad	3.712 timar
Møter, rekneskap, sal og administrasjon	250 timar
Dugnad på slipp/verkstad	7.455 timar
Totalt	11.417 timar

Utover arbeid på verft er det ikkje betalt arbeidspengar til drift eller vedlikehald. Det er rekna 12 timar dugnad i døgnet dei periodane folk var om bord heile døgnet

OPPSUMMERING

Verdien av dugnad utført av Atløys Venner ligg på omlag 3.144.200,-. Timesatsen er sett til 190 kroner for vanleg arbeid, og 385 kroner for arbeid som erstattar hjelpearbeidar på verft/lønna sertifiserte sjøfolk. Atløy kunne heller ikkje segle inn omlag 325.000 utan vår frivillige innsats.

Arbeidet med restaurering går bra, vår største utfordring er mannskap. Forholdet til Riksantikvar, Skipskontroll og andre faglege instansar er godt. På grunn mindre arbeid enn forventa har vi ikkje søkt Riksantikvaren om midlar for 2017, men har fått overført det som stod ubrukt i 2016. Vi kjenner ingen større svakheiter med båten utover det som framkjem i restaureringsplanen.

Florø 21.03.2017

For styret

Sander Ødelien